

Rennebilløp lørdag 23. juli 2011

Sist lørdag blei det arrangert rennebilløp i regi av Jøsneset Ungdomslag. Løypa var frå midt i Fossbakken og ned mot skulen. Her låg det til rette for god fart nedover! Det blei kjørt to heat, og beste tid vant. Det stilte åtte bilar til start, og det var høgt nivå over heile linja. Frå Tonå var det bil med flammor, og til og med ei utkledd "gamla" på ein superrask gåstol på hjul. Jøsneset Brannvesen hadde også ein flott bil, med ein staseleg brannmann oppi. Til og med på sløyden oppå skulen har elevane laga bil. Denne hadde desverre ingen kjørar, men heldigvis trødde sporty Eianefolk opp og køyrde bilen. På Fosså har nok dugnadsånda angående det å skru bilar vore aller best, dei stilte opp med ikkje mindre enn fire bilar! I den eine bilen ljoma "Sommartider" frå anlegget bak, her var det eigne holdarar til Colaboksar og to av bilane hadde til og med røyk frå "eksospotta" bak (som røykla heile Fossbakken nokre sekund).

Deltakarlista:

Grandeur of the road	Tanja Yu Auglend Aaron Chao Auglend	37,7	35,3
Gamla	Anne Auglend	36,0	30,9
Team Fosså 1	Vebjørn Fosså	47,2	46,5
Team Fosså 2	Daniel Fosså Johan Fosså	47,7	44,3
Team Fosså 3	Unni Fosså Ellen Mari Fosså	43,9	39,6
Eiane Eagles	Jon Eiane og Kristoffer	36,7	36,8
Runar	Runar Fosså	33,1	27,4
Sporty men gal	Jøsneset Brannvesen	34,6	32,1

Det var god stemning i bakken, og tilskuarane heia fram bilkjørarane. Vermeldinga om veldig mykje nedbør såg me ingenting til, sola skinte opp så og sei heile dagen. Sjøl om det varsla regnet nok skremde vekk nokre, så blei det ein kjekk dag, med fart og spenning og mykje lått og løye.

Etterpå var det grilling og pokalutdeling oppå skulen. Det vart delt ut fire pokalar.

- "Best tid – barn" gjekk til Runar. Bilen hans gjekk som eit olja lyn.
- "Best tid – voksen", der gjekk "Gamla" aka Anne Auglend av med seieren.
- Det blei også kåra "Kulast bil". Her hadde juryen eit vanskeleg valg då nivået var såpass høgt på alle bilane, men det blei Unni Fosså og Ellen Mari Fosså som gjekk av med seieren med sin kule bil med stereoanlegg og rosa røyk utav eksospotta.
- Så var det siste pokalen, "Fiaskoprisen". Juryen hadde kanskje lurt på om ein og annan bil skulle kjøre ut av løypa. Men sjåførane haldt seg på banen, og ingen havna i bekken. Bilane var også godt bygde, og konstruksjonane haldt i begge heat. Men då Eiane Eagles køyrde med skulebilen lagd på sløyden, datt eine delen av setet av, og dei blei då dei heldige vinnarane av "Fiaskoprisen"!

Me håpar at rennebilløp skal bli ein tradisjon på Jøsneset, og oppfordrar alle jøsneskalvar og hyttefolk til å skru på bilar til neste år! Så kan ein bare vente i spenning på kor mange bilar som stiller til start i 2012! (...og kor mange bilar det kjem frå Fosså...?) ☺

